Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Odda

Emne: nr 2 Höytransport.

Bygdelag: Odda

Oppskr. av: Olav Ragde

Gard: Ragde

(adresse): Odda

G.nr. 27 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Her er ikkje nokko husmansplasser att her no, og dei fleste er slutte med å slå i utmarkji. Det vart slutt heilt for ikring 30-40 år sidan Etter at folk tok til å dyrka upp heime, og etter utskiftingji av garane, tok ogso dyrkingji til. Og for ikring 40-50 år sidan var all transport av höyet på ryggen.

2. Anten det var gras som skulde herjast eller försla av turhöy til löda utlöda el. stakke var det å leggja på tog og bera på ryggen. Byrdatoge var som regel 5-6 famnar lengt i bught med ei hegl i bughi til å tred toge gjenom og snöra til når ein hadde fenge nokk på toge. Og ei vanleg byrd var rekna for 3 våger 54 Kg. Men no er det sjeldan, at folk ber på ryggen dei som har lett köyrer höyet in i löda på vogn m 4 hjul og grindar av trespilar; men no her på garen brukar langkjerra med tvo hjul og med malgrindar som tek ikring 6 byrar i lasse.

Så eg ser, at eg ~~at eg~~ er på veg til å gå forbi nokko, og må forklåra meir um korleis dei för åt å laga byrd. Dei la ut eit tog på bakken attmed höye og laga so ei fengja el. saksa, la den på toge so langt in på som

vend

ODDA

6069

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ein vilde ha stor eller liti byrd, lagde so e ny fenggja som ein la atteum den andre; og so heldt ein på med å leggja saksa på saksa til ein hadde nokk på toge 7-8 fenggjer eller som toge rekk.
Treder so i hegli og snörer byrdi til og set seg so med ryggen mot byrdi og trer armane inn i toget og tek so taghampane med båe hender og snörer til med kneet el. fakere til hjelp; og er det ein som kan sine ting, so reiser han seg sjölv utan hjelp um so på flate marki; men treng nokon hjelp til å reisa seg med byrdi, so stend dei helst atteum og lettar under.
Trilleböra brukar ein berre til å dra til hesjane, nar graset er langt frå hesi. Denne böra er annleis enn vanleg trilleböra, med lange armar ~~sug~~ og hög rygg bakt ved hjule, og spilar langs etter (ca 2 mtr lang 70 cm breid)
Rakke har eg höyrt um, men eg har aldrig seet han i bruk.

3. Dei fleste köyrer in höyet um sumaren

4. Sjå det som er insikka under 2. og vidare skal eg fortelja, at me her på garen brukar langkjerra ute på flaten og slede med hjul under, noko bakt um midten og med grindar som på höyvagni. Höysleden har meiar. Me lesser höyet med höygaffel og kan få i 5-6 gilde byrar i ei slik notgrind utan å bruka gyretog, höyet ligg stödt likevel.
Berre ein hest verk brukt til höykoyraing på vore små bruk her på disse kantar

5. Her er ingen som har utslåtter eller stölsslått

6. Ikkje aktuelt her.

6069

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING